

RAPPORT FRÅ ARBEID MED SKJØTSEL I STØLSHEIMEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE 2020

Nils Kvamme



Botnadalen, restaurering av vegetasjonen kring selbøen 2020

Det er i 2020 gjennomført tiltak på desse lokalitetane:

- Negarstølen 24 timeverk: skjøtsel
- Rotteskaret 10 ” : skjøtsel
- Botnadalen 224 ” : restaurering
- Fidnaselbøen 156 ” : restaurering
- Åsehidleren 6 ” : rydding stølsveg

Restaurering: Dominerande vegetasjon innanfor aktuell lokalitet blir i den grad det er mogleg endra til det ynskjelege. Mest vanleg er fjerning av tre, busker og kratt for å opna landskapet og fremja grasvekst (beitemark).

Skjøtsel: Den ynskte vegetasjonen (som regel beitemark) blir skjøtta ved beite eller enkel slått og reetablering av tre og busker blir hindra. Tiltaket blir utført jamnleg eller ved særskilde høve.

Det er også gjort vurderingar av trong for oppfølging av påbegynt arbeid og vidare skjøtsel av ferdig restaurerte lokalitetar, evt utviding av tiltaksområde på desse. Sjå tiltaksplan for Stølsheimen 2021.

Dei enkelte lokalitetane:

Negarstølen



Stølen var nesten attgrodd då restaureringa tok til i 2014. Mykje skog er fjerna og dei siste par åra er det slege noko gras og nyrenningar. I år vart sølvbunkeuer fjerna frå området kring stølshuset. Dette vart forøvrig restaurert i 1995 og i år vart kledninga på sørveggen dels utskifta. Grunneigar på stølen har dei siste åra

etablert ei betydeleg sauedrift som har Negarstølen som kjerneområde vår og haust. Dette held kulturlandskapet i hevd. Skal beiteområdet utvidast ytterlegare er det mest aktuelt i bakken over venstre del av det opna området. Den er sær sars frodig med tidleg vårbeite.



Vidare skjøtsel bør vera tistelhakking om våren og ut på sommaren, samt slått av evt renningar av skog.

Rotteskaret




Her er det rydda sprake og skog i tida 2014 – 2018. Det går sauer i området men selbøen vart ikkje nemneverdig beita før i 2019. I år vart det slege orerenningar og noko gras.



Den delen av selbøen som ikkje var dekkja av skog er dominert av sølvbuketuver, som sauene ikkje likar. Desse bør fjernast.

Botnadalen



Heimestølen til bruka i Finnabotn ligg til høgre for granskogen i biletet. Her står (so vidt) eit sel midt på selbøen. Tuft etter hus med kjellar ligg i utkanten av selbøen, mot sør-aust. Selbøen er avgrensa av steinmur mot nord, aust og sør, av elva i vest. No var selbøen nærast attrodd av bjørkeskog. Stølen si plassering i det særmerkte landskapet gjer naturopplevinga ekstra stor!



21 Botnadalen

Vik kommune



Då stølane, eller rettare stølsbygningane, i området vart registrert i 1975/76 var det enno berre 8-10 år sidan det var aktiv drift med beitedyr i Botnadalen, og bjørka hadde enno ikkje etablert seg. Stort sett heile den avgrensa selbøen vart rydda for skog i år, i tida august – november.



Dei eldste trea som vart rydda vekk i år var frå om lag 1985, mesteparten frå 1995 og yngre.



Altså var attgroinga med skog så vidt byrja då verneområdet vart oppretta i 1990 (!).



Det markerte området er rydda i år. Biletet er frå 2009 og skogen var no, 11 år seinare, vesentleg større og tettare enn det biletet syner.

Fidnasselbøen



Som namnet tilseier tilhøyrrer denne stølen (kvit ring) garden Finnen. Det særigne her er at stølen grensar direkte til selbøen på Smørklepp (svart ring), som tilhøyrrer Vollevik. Ein bekk skil dei to selbøane. Det er tydeleg mur etter to sel på stølen. Stølen hadde svært avgrensa beiterett sidan den i utgangspkt var ein utmarksteig tilhøyrrande Vollevik og seld til Finnen.



Selbøen, samt ein tilgrensande innmura teig for Vollevik vart rydda for sprake, furu og noko bjørk i tida mai – juli i år.

FØR



ETTER

Dominerande treslag i området er furu og oppslaget av lauvtre er relativt lite. Spraken kjem derimot fort tilbake. Vidare skjøtsel vil vera enkel slått med ryddesag år om anna for å halda spraken nede. Det er mykje hjort i området og det står att å sjå kva beitemønster den tek i det nyopna feltet

Åsehidleren



Det særmerkte med denne stølen er plasseringa, der alle bygningane står turt og i god avstand frå dråpefallet under ein heller/hidler. Likevel fekk to av husa ein større takreparasjon i 1999. Det er lite att av selbøen men det er ynskjeleg å halda skogen på avstand. No er det vier, bregner og nesle som dominerer. I år vart stølsvegen og noko vier på selbøen rydda. Vegen opp hit er like særmerkt som stølen då den stort sett går i ei rett linje frå garden Åse opp forbi Hedlestølen og vidare hit. Stølsvegen og stølen er ei stor kultur- og naturoppleving.

Arnafjord, 28.11.2020

Nils Kvamme
prosjektleder